



Om du er liten eller stor....

Det er mange år sidan det har møtt fram så mange til den tradisjonelle friluftsgudstenesta på Skorpo som i dag. Det kom nærare 50 og dei hadde ei rik stund i løa til Vågen-familien som var alternativet hvis veret vart utrygt. Og det vart det sjølv om det ikkje kom så mange dråpar



[Prest og organist under gudstenesten på Skorpo](#)

Sokneprest Kristian Due hadde gudstenesta for første gong på staden og tykte det var utruleg kjekt. Han mjuka opp forsamlinga med "Om jeg er liten eller stor" og hadde ei tenkevekkjande preike med basis i skriftstaden om bjelken og flisa. Duehar gjerne med seg illustrerande rekvisita og slik også denne gongen. Han hadde ein bjelke! Annbjørg Vågen hadde skriftlesinga. Ho er busett i Bergen, men kjem frå Søre Skorpevågen.



Berre to brød att! Eliad og Ingeborg Brandvik og Tone Marie Bøge, alle feriegjester, byr fram

Organist Reidar Algerøy både opna og avslutta gudstenesta med glade og friske tonar og imitert klokkeklang. Truleg var dette tiande gongen han gjorde teneste på Skorpo.

Under kyrkjekaffen etterpå var det rikeleg servering, men det kom eit overraskande og positivt supplement: Marit Lnngballe frå nabogarden kom med nysteik brød av tre slag frå den nye omnen sin og brøda vart selde på eit kvarter! Ein av dei som kom med ei ualminneleg positiv utsegn om brøda var organisten, som vart minna om oppveksten sin.

Eit par som var til stades hadde ei høgst spesiell oppleving – det var Christa og Lothar Hannuschka frå Dortmund i Tyskland som ferierar på Rabben. Dei er Uskedalen-frelste og har hatt rundt rekna 20 opphald her. Einfast tradisjon er også tur til Skorpo og undervegs stoppar dei alltid på det dei kallar yndlingsplassen sin. Derifrå får dei eit fantastisk perspektiv på bygda.

Av Ola Matti Mathisen



Christa og Lothar Hannuschka og Inger Elise Helgeland undervegs til Skorpo